

Litteratur

Arnold Dalen, Skognamålet. Ein fonologisk analyse. Novus forlag. Oslo 1985. 354 s. ISBN 82-7099-101-5. (Norske studiar II. Utgjevne av Norsk målførearkiv, Universitetet i Oslo.)


Skognamålet er siste tilskottet av djupneanalysar innfor norsk dialektlitteratur. Forfattaren er Arnold Dalen, som er førstemanuensis ved Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, og skognamålet er morsmålet hans.

Som «skognamål» reknar han dialekten i Levanger kommune i Nord-Trøndelag, med unntak av Ytterøya. Dei administrative grensene har skifta mye i dette området. Namnet Skogn er knytt til ei bygd i kommunen, men det har òg vore brukt som namn på eit prestegjeld og eit herad (= kommune) som omfatta det meste av Levanger kommune av i dag. Men i vel hundre år var Skogn herad mindre enn dette p. g. a. av at Levanger blei utskilt. Ved dei omfattande kommunereguleringane på 1960-talet blei det igjen skapt ein storkommune, men nå med namnet Levanger. I tillegg til det gamle Skogn herad kom nå Åsen med i sørvest og Ytterøya i nordvest. Med alle detaljar er dette ei innfløkt historie.

Målet på Ytterøya blir ikkje rekna med til skognamålet, tydeligvis p. g. a. for store språklige avvik. Det går fram av den inndelinga Dalen presenterer av inntrøndermåla på s. 6f. Der utgjør kommunane Frosta, Verdalen og Levanger (÷ Ytterøya) eit underområde, definert ved dialektsærdrag som 1) apokope i svake maskulina med norrøn lang rotstaving (f. eks. /'mo:n/ [ˈmo:n]¹ = 'måne'), 2) både /a-ʌ/ og /u-u/ som jamningstypar i svake feminina (f. eks. /'turu/ og /'ruku/ ('tvore' og 'reke')), 3) vokalen /ʌ/ framfor palatal (f. eks. /gʌʎ/), 4) flt. av svake feminina på -a og -an (f. eks. /'gry:ta-'gry:tan/) – mot -o og -on elles, 5) dativ på -en i eint. av svake feminina (f. eks. /'gry:ten/) – mot -on elles i inntrønderisk, og 6) adverbet /nu:/ ('nå') – mot /nu:/ elles. Utifrå dei språklige kriteria kunne ein altså ha ønskt at avhandlinga omfatta også kommunane Verdalen og Frosta, som har sterke fellesdrag med «skognamålet». At Dalen har måtta avgrense arbeidet sitt, er lett å forstå. Men den utaførståande undrar seg over kva som gjør «skognamålet» til ei naturleg dialekteining. Interesant hadde det òg vore å vite om folk i dette distriktet oppfattar «skognamålet» som ei naturleg nemning for dialekten i det avgrensa geografiske området.

Det er eit modent verk Dalen har levert ifrå seg. Han har arbeidd lenge med det, og her ligg ein stor innsats bak. I 1956 skreiv han ei hovudfagsoppgåve om vokalverket i skognamålet. Materiale derifrå saman med innsamla materiale frå seinare – først og fremst frå 1966–67 – utgjør grunnlaget for denne avhandlinga. Emnet er avgrensa til ein synkron fonologisk analyse. Synkronien er konsekvent i den forstand at her ikkje i det heile blir blanda inn jamføringar med norrønt og resonemang om den lange historiske utviklinga. Men det blir skilt mellom eit eldre og eit yngre skognamål. Det eldre blir brukt mest konsekvent av folk over

¹ Dalen bruker Storms Norvegia-lydskrift, unntatt i det franske samandraget, der han nyttar IPA. I denne artikkelen held eg meg til IPA, med det unntaket at ' er brukt for tonem 2. For sirkumfleks er det brukt ˘.



— Grense for nåverande Levanger kommune. - - - Grense for tidligare Åsen, Skogn og Frol kommunar.

80 år og det yngre av dei under 45 (s. 9). Den disiplinerte tidsavgrensinga i avhandlinga er ei stor vinning ettersom arbeidet dermed blir meir einskaplig metodisk, og analysen av det synkrone blir desto grundigare og meir konsentrert. Avhandlinga kan vere mønstergyldig for seinare fonologiske arbeid innom norsk dialektologi.

Sjølve avhandlinga er på 253 sider. I tillegg kjem 43 sider med materiale om tonelagsrealiseringar, 10 sider målprøver, eit ordregister på ca. 3200 ord(!), og dessutan informant- og litteraturliste. Analysen av skognamålet er delt i 6 kapittel, det sjuande er vigd ei samanlikning med nabo-dialektane. I dette nyttige oversynet har han kunna ta utgangspunkt i språkdrag han alt har drøfta grundig i analysen av skognamålet. Utbreiinga for språkdraga blir vist på kart, slik at dette oversynskapittelet kjem til å bli verdifullt i dialektgeografien.

Om analysemodellen opplyser Dalen (s. 13f.) at han i hovudsak har brukt pragerstrukturalisme, men med bidrag frå Martinet og glossematikken. I drøftinga av distinktive drag har han dessutan gjort seg nytte av Chomsky-Halle: *The Sound Pattern of English* (1968).

Eit stadig problem i ein synkron talemålsanalyse er variasjonen i det levande språket. Innafor det geografiske området som skognamålet dekkjer, ligg bysamfunnet Levanger med knapt 2000 innbyggjarar. (Heile kommunen har ca. 15 000.) Som i andre byar er det fleire språklige varietetar også i Levanger. Dei varietetane som vik av frå bygdamålet ikring byen, d.v.s. dei som er påverka av bymålet i Trondheim, held Dalen utafor undersøkinga si. For det språksamfunnet som dermed står att, understrekar han at det er svært homogent. Etter at sosiolingvistikken i ein generasjon nå har poengtert at heilt homogene språksamfunn neppe fins, er det på sin plass også å få fram kor *liten* variasjonen kan vere

somstad. «Det opne systemet vil ein i stabile norske bygdesamfunn kunne finne når det gjeld ordtilfanget, men i liten grad i fonologi og grammatikk» (s. 4). Mange vil sikkert støtte denne utsegn.

Men ein aldersbestemt forskjell tar han altså opp. Dei systematiske forskjellane på eldre og yngre skognamål er: 1) monoftongering føre konsonant i yngre mål, 2) samanfall av den alveolare og den retroflekse konsonantrekka i yngre mål, 3) skifte mellom velar og palatal konsonant i bøyingsformer (/sku:g-/ /sku:jen/) i eldre mål, mens yngre held på den velare, og 4) kasusen dativ, som eldre mål har, yngre ikkje (s. 8).

Dei to største kapitla i avhandlinga er – sjølv sagt – vigd analysen av vokalane og konsonantane. I begge kapitla skil forfattaren mellom trykksterk og trykksvak staving, deretter greier han ut om realisasjonen av fonema. Det eldre skognamålet har desse 10 monoftongane:

		FREMRE		SENTRAL	BAKRE
		urunda	runda		
midtre	høg	i	y	ɥ	u
		e	ø		o
		æ	œ		
	låg			ɑ	

(S.72.)

På grunn av monoftongeringa av diftongar får yngre mål eitt fonem meir:

		FREMRE		SENTRAL	BAKRE
		urunda	runda		
midtre	høg	i	y	ɥ	u
		e	ø		o
		ɛ	œ		
	låg	æ		ɑ	

(S.75.)

I det eldre skognamålet fins diftongane /ei/, /œy/ og /œu/, og dei har vid distribusjon. I yngre mål er kort /œy/ og kort /œu/ gått til /œ/; kort /ei/ er gått til /ɛ/, men til /e/ føre retrofleks s. Dessutan blir også lang /ei:/ og lang /œy:/ monoftongert føre konsonant, nemlig til /ɛ/ og /œ/: /vɛ:v/ ('veiv' f.) og /'rœ:t/ ('røyte' v.). Monoftongane av /œy:/ og /œu:/ fell saman med gamle monoftongar, mens /ɛ:/ av /ei:/ må opprettas som eige fonem p. g. a. at det også fins i ein del tilfelle i utlyd. (Som minimalt par kan ein føre opp: /'sɛ:/ ('seie' v.) og /'sɛi:/ ('sei' m. (d. v. s. fiskeslaget).)

Vokalane blir gjennomgått éin for éin med ei svært grundig drøfting av opposisjonar og distribusjon. Dalen legg stor vekt på distribusjonsmønsteret, for det blir brukt etterpå i sjølve fonemanalysen. Vokalane [e], [æ] og [œ] viser avgrensingar i distribusjonen, mest den siste. Men opposisjonane viser at dei likevel må opprettas som vokalfonem. Fonemet /œ/ er det ein vanskeligast får grep om.

Fonetisk er det ein kameleon; både opnings- og rundingsgraden skiftar alt etter konsonanten som står etter. Når Dalen i tillegg har plassert han som både fremre og sentral i skjemaet for distinktive faktorar, jf. ovafor, ser det ut til å vere bare p.g.a. geografisk variasjon (s. 91). Distribusjonelt står lang /œ:/ bare føre /r/ og noen alveolarar og retrofleksar; men opposisjonane der gir klår fonemstatus. Kort /œ/ står nesten i komplementær distribusjon med /œy/, bare føre /st/ er det opposisjon. Dermed er fonemstatusen berga der òg.

Som alt nemnt har yngre skognamål monoftongering føre konsonant. Men p.g.a. noen unntak frå mønsteret kan ikkje monoftongen føre konsonant og diftongen i utlyd reknas som allofonar av same fonem. Endringa frå eldre til yngre mål får derfor som systemkonsekvensar a) eit nytt fonem /ɛ/, b) meir fullstendig distribusjon for /œ/, og c) mye meir avgrensa distribusjon for diftongane. Fonetisk blir /æ/ hos dei yngre uttalt opnare enn hos dei eldre (d. v. s. som [a]) for å gi plass til det nye fonemet i fremre rekka.

Denne yngre monoftongeringa er ei interesang språkutvikling. I inntrøndersk dekker ho bare eit avgrensa område, og Dalen reknar med at utviklinga begynte i nabokommunen Frosta. Men på Nordmøre og i Romsdal finn vi òg ei svært lik (og yngre) monoftongering – som Dalen også er klar over. For romsdalsk – som eg kjenner best – er endatil unntaka frå mønsteret i utviklinga dei same som i skognamålet.

Dalen drøftar s. 70ff. om diftongane bør analyseras som eitt eller to fonem. For eldre skognamål avviser han at ein diftong kan oppfattas som «sammensatte stavelsestopper, hvor de enkelte elementer kan identifiseres med de oppsatte vokalfonemer», som han siterer etter Even Hovdhaugens analyse av venabygdsdialekten (i *NTS XXI* (1967) s. 152–166). Grunngevinga er modellteoretisk: I eldre skognamål kan diftongane også vere korte; ei bifonemisk tolking ville dermed seie at kvar enkeltvokal i diftongen måtte ha bare «halv lengd», og det ville vere å innføre ein ny kategori i beskrivelsesmodellen. Denne grunngevinga blir også ein kritikk mot analysen av venabygdsdialekten. I yngre skognamål fins det derimot bare lange diftongar, og Dalen sluttar raskt at «her vil det vere naturleg å tolke dei polyfonemisk: [ei] = /ɛ/ + /i/, [œy] = /œ/ + /y/ og [œu] = /œ/ + /u/» (s. 72). Konsekvensen er at yngre skognamål kan få redusert fonemtalet med tre. Eg synes forfattere godtar altfor lett denne tolkinga, for også den fører med seg noe nytt: ein må «summere kvantiteten» i vokalismen for å sjå om han er lang eller kort. Dette blir einaste staden der ein treng denne «summeringsoperasjonen». Vi ser altså som så ofte elles at det som kan vere ei forenkling éin stad i beskrivelsen, blir ei komplisering ein annen stad, og lite er vunne.

Dalen kjem til at det eldre skognamålet har 32 konsonantfonem. Det yngre målet har samanfall av alveolarar og retrofleksar, og dermed får det 28 konsonantfonem. Dette er ein stor fonemrikdom, og eine årsaka er den palatale konsonantrekka, som Dalen lar omfatte 7 fonem: /c, ʃ, ʒ, ʎ, ɟ, ʝ/. Men ein opposisjon /ç/:/c/ er tvilsam for skognamålet: [ç] og [c] står eigentlig i komplementær distribusjon, ettersom [ç] står bare i prevokalisk posisjon, [c] i postvokalisk og etter /ɾ, l, r/. Dalen drøftar dette, men argumenterer mot å tolke dei to konsonantane som allofonar av same fonemet, fordi [c] «står i morfofonemisk veksling både med /k/, med /t/ og null» (s. 122), d. v. s. vekslingar som dette:

/bu:k — 'bu:ca
kvi:t — kvic
fri: — fric/.

Som vi skal ta opp nedafor, skil Dalen morfofonologien ut frå den eigentlige fonologiske analysen. Derfor er det prinsipielt uheldig med slike argument på

dette stadiet. (Dessutan ser eg heller ikkje tyngda i argumentet, sjølv innafor morfofonologien.) Ein konsekvent analyse skulle tilseie at ein rekna [ç] og [c] til same fonem, og det mest naturlige symbolvalet er nok /c/. Dermed vil ein få skrivemåtar som /cap/, /'çø:p/ og /'çi:k/ for [çap] 'kjapp', [çø:p] 'kjøpe' og [çi:k] 'kike'. Når ein kjenner uttalen, kan skrivemåten virke litt uvant. Men dersom ein ønskjer å innarbeide generaliseringar i beskrivelsen, er det slik dei må komme inn. Med det valet Dalen har gjort, går den innsikta at [c] og [ç] er komplementære, tappt i transkripsjonen; han reknar altså framlydsvarianten som eige fonem: /çap/, /'çø:p/ og /'çi:k/.

I analysen av konsonantar får vi ein nøyaktig gjennomgang av fonemsekvensar som kan stå initialt, medialt og finalt. Dette er eit nøyaktigheitsarbeid, og ein kan gå seg vill i alle kombinasjonane. Men Dalen summerer opp og drar ut reglane for korleis konsonantane og dei distinktive draga i konsonantane blir kombinert. I denne analysen er distinksjonen mellom vokalnær og vokalfjern posisjon viktig.

I eit kort kapittel om stavinga gir forfattaren ein svært instruktiv analyse av stavingsgrenser (eller junkturar), der han viser korleis dei fonotaktiske restriksjonane på både fonem- og allofonnivå er grunnlaget for kva vi oppfattar som grensesignal. I dette kapittelet kan han til fulle utnytte den grannsame distribusjonelle analysen i kapitla framom.

I kapittelet om prosodi får vi den interesange opplysninga at trøndersk, i alle fall det eldre skognamålet, framleis har sistestavingstrykk i ein del ord, både heimlege ord og lånord: /me'da:g/, /a'vi:s/. Det er først yngre mål som meir konsekvent har fått tonem 2 og trykket på første stavinga: /'me,da:g/, /'a:vi:s/ (s. 170 ff.). Når det gjeld dette trykkmønsteret for lånord, er det rekna for typisk austlandsk og trøndersk. For trøndersk er det – etter skognamålet å dømme – kanskje ikkje så gammalt og opphavlig som ein har trudd.

Dalen nemner òg dei mange observasjonane av at kvantiteten på rotstavinga i ord med utjamning (f. eks. /'voto/ 'vete') ofte er kort. Som han seier, fins det ingen minimale par som kan vise noen fonemisk relevans for ein slik kvantitetstype. Det er tale om eit fonetisk drag, som vik hos dei yngre. Men eit slikt fonetisk relikv kan styrke ein hypotese om at sjølve kvantitetsomlegginga ikkje er så gammal i dette målet.

I hierarkiet for prosodiske drag reknar Dalen kvantiteten for overordna trykket. Ei staving har trykk fordi ho er lang. (Det kan sjå ut som Dalen dermed òg reknar ei trykklett staving pr. definisjon som kort, f. eks. s. 182 der han talar om ein trykklett kort vokal.) Lengda i trykkstavinga ligg på enten vokalen eller konsonanten (s. 176); derfor markerer Dalen lengd på både vokal og konsonant, og det trengs inga trykkmarkering. Hovudtrykkstavinga har tonemmarkering, bitrykkstavinga ikkje, jf. /'uŋ:hæs:t/ ('unghest' m.). Trykklette stavingar blir dermed indirekte markert med at lengdemerke manglar, jf. /'ne:rest/ ('nærast' adv. sup.) (s. 184).

Men samtidig godtar Dalen at vokalkvantiteten er primær: «Kort og lang ettervokalisk kons følgjer automatisk av realiseringa av lang og kort vokal» (s. 175). Fleire andre stader uttrykker han seg òg på tilsvarende måte. Det virkar derfor inkonsekvent når han – også i fonemskrift – markerer lengd på både vokal og konsonant. På s. 181 er det endatil forklart at den fonemisk lange /t/-en blir fonetisk realisert kort. Det kan illustreras med denne notasjonen: /'goɾ:o/ ['goɾo] ('gale' v.). (/t/ kan fonetisk/artikulatorisk vanskelig gjørast lang.)

Den viktige generaliseringa i at den fonemiske kvantiteten ligg på vokalen, blir ikkje innarbeidd i beskrivelsesmodellen åt Dalen. Eit alternativ ville vere å seie at stavingar *med* kvantitetsmotsetning er trykkunge, stavingar *utan* er trykklette.

Vokaler i trykklett staving er dermed ikkje korte, for kvantiteten er fonemisk irrelevant. I stavingar med kvantitetsmotsetning ligg kvantiteten (kort eller lang) på vokalen, og einast den kan ha lengdemerke. Problemet med å skilje mellom trykklett staving og bitrykkstaving med kort vokal blir eit spørsmål om ein typografisk konvensjon for å markere skiljet mellom kort kvantitet og irrelevant kvantitet. Éi løysing er å bruke bitrykkmerke (som altså bare betyr at vokalen har relevant kvantitet): /^ˈuŋhæst/, men /^ˈne:rest/. Ei anna løysing ville vere å innføre [˘] som markering av fonemisk kort kvantitet: /[˘]uŋhæst/, men /[˘]ne:rest/ (der manglande kvantitetsmerke på siste vokalen viser at kvantiteten er irrelevant). Siste løysinga ville ligge nærast opp til analysen. Med ein beskrivelse der kvantiteten konsekvent låg på vokalen, ville Dalen sleppe problemet med kvantiteten på /r/.

Trøndersk og nordnorsk er rekna for det sirkumflekkerande området i Norge, for historisk er sirkumfleksen produkt av apokopen. Men det har vore eit problem å beskrive sirkumfleksen fonologisk. For oppdalsk – ein annen trøndersk dialekt – har Einar Haugen foreslått å beskrive sirkumfleksen som totoppa vokal, d. v. s. som to stavingar, ei trykkting og ei trykklett, begge med same vokalkvalitet. Dalen avviser ein slik analyse for skognamålet med dette minimale paret: [ˈle:e] ('ledet' n. b. f. eint.): [ˈle:] ('lee' v.). I tillegg har dialekten også [le:] ('led' n. ub. eint.) og [ˈle:e] ('lee' v. pres.). Her er altså opposisjon mellom éi og to stavingar, og mellom to tonelag i både einstavings- og tostavingsord. Eit anna faktum som gjør Haugens analyse umulig for skognamålet, er at ein kan ha motsetning +/÷ sirkumfleks på stavingar med kort vokal: /sæs/ ('sess' m.): /[˘]sæs/ [˘sæs] ('sesse' v.).

Den analysen Dalen sjølv gjør framlegg om, tar utgangspunkt i distribusjonen av sirkumflekstonelaget, som fins bare i sistestaving med hovud- eller bitrykk; og der fins aldri tonelag 2. Dermed kan sirkumfleks reknas som realisering av tonem 2 i slike stavingar. Det blir dermed fire realiseringsmåtar av dei to tonema:



Tonelag 0 er det ein har i einstavingsord og ord med sistestavingstrykk utan sirkumfleks. Dalen skil her terminologisk mellom tonem på fonemplanet og tonelag på realisasjonsplanet. Analysen viser dermed at sirkumfleksen ikkje skaper problem strukturelt, d. v. s. at ein ikkje treng innføre noen ny kategori på fonemplanet. (Det er altså unødvendig når Dalen sjølv bruker sirkumfleksmerke i fonemisk transkripsjon.)

Det forslaget til analyse som Dalen legg fram, er enkelt og elegant. Det er også presentert på ein klår og overtydande måte. I tillegg har han gjort fonetiske analysar der det av grunnfrekvenskurvene kjem klårt fram ein fast forskjell på dei fire realiseringsmåtane av tonema. Grunnlaget er innlesingar han sjølv og to andre informantar har gjort. Gjennomsnittskurvane er presentert i prosodikapitlet; i eit vedlegg blir grunnlagsmaterialet lagt fram. Interessant er det å sjå at realiseringa av sirkumflekstonelaget liknar mest på tonelag 1, sjølv om dei systematisk høyrer til ulike tonem. I ei historisk forklaring kan kanskje det settas i samanheng med at også leksem med tonem 1 som har utlydande rot på vokal,

nasal, /r/ eller /r̥/ får sirkumfleks i bestemt form når bøyingsendinga blir kontrahert: /bjøn/ – /'bjøn/ [ˈbjøn:] ('bjørn' – 'bjørnen').

Dalen har i kapitla om vokalar, konsonantar og prosodi analysert seg fram til det han kallar primærfonema i dialekten, d. v. s. dei fonema han kan etablere utifrå tydingsopposisjonar og distribusjon. I eit eige kapittel kjem han inn på korleis omsynet til morfofonemiske vekslingar kan gi grunnlag for andre fonemiseringar. Her drøftar han fordelar og ulemper med å tolke f. eks. alveolarane og retrofleksane bifonemisk og viser korleis ei bifonemisk tolkning må sjå ut: [t] og [t̥] blir tolka som /rt/ og /r̥t/ og skaper dermed ikkje problem i bøyingsmorfologien, som ein ser av f. eks. /sʊ:r–sʊ:rt/ [sʊ:r–sʊ:t] og /gʊ:ɾ–gʊ:ɾt/ [gʊ:ɾ–gʊ:ɾt].

Dalen viser òg korleis eit skifte mellom velar og palatal i bøyningar – som f. eks. [veg]–[ˈvejen] ('vegg'–'veggen') – med fordelar kunne tolkas som /veg/–/ˈvejen/ fordi [j] her oppfører seg annleis en [j] i f. eks. ordet [siɰ] ('sidd' f.) som i dativ b. f. eint. heiter [ˈsiɰɲ] (og må tolkas som /ˈsiɰɲ/). Etter /j/ blir altså bøyingsendinga /-en/ kontrahert, etter /j/ ikkje.

Noen vekslingar mellom monoftong og diftong i bøyningane (/grei:/ adj.–/grec/ adj. n., /ˈstøy:t/ inf.–/stœc/ pret.) treng heller ikkje komplisere morfologien dersom ein tolkar monoftongane i desse tilfella som realiseringar av diftongar. På tilsvarande måte greier Dalen òg ut om noen skifte i tonelag.

Når desse morfofonologiske drøftingane kjem som ei lita drøfting til slutt, er det fordi Dalen har vilja gi ein *fonologisk* analyse, og han reknar tydeligvis ikkje morfofonologien med der. Men resonemanga og konklusjonane i morfofonologikapittelet ligg så nær opp til ein prosessuell fonologi at ein kan undras på korfor forfattaren ikkje har tatt i bruk ein generativ beskrivelsesmodell. Beskrivelsesapparatet der ville både vere meir presist og gi betre plass til dei mange generaliseringane Dalen er opptatt av å påvise.

Eg har undra meg på om det er eit slikt modellteoretisk dilemma i spørsmålet om kva nivå «fonemet» høyrer heime på, som har fått Dalen til å lydskrive det aller meste i avhandlinga innom fonetiske klammer, sjølv etter at han har etablert primærfonema.

Analysen i dei første kapitla i avhandlinga vitnar òg om ein del modellteoretiske konflikatar, fordi forfattaren ikkje har greidd å halde morfofonologiske omsyn og «prosessuell tankegang» heilt utafør i den «reine» fonologiske analysen. Tydeligast ser vi det på s. 83, der [y] blir tolka som /i/. Opposisjonen /i:/ /y/ er nøytralisert i trykklett staving, og [y] står etter kort /y/ eller stavingsutlydande lang /y:/: [ˈkym:y] ('komme' pf. pts.), men [ˈvir:i] ('vore' pf. pts.). To andre suffiks viser òg same mønsteret. Dalen vil fonemskrive såleis: /ˈkymi/ o. s. v. fordi ei slik løysing forenkler bøyingsmorfologien. Slike omsyn viser at heller ikkje Dalen respekterer sentensen «once a phoneme, always a phoneme».

Men denne framgangsmåten er ikkje følgt for trykklett /ø/, som fins bare «framfor eller etter labial kons når det i trykkstavinga er fremre runda vokal» (s. 81). Trykklett /ø/ kunne – som Dalen nemner – tenkas som variant av /e/. Men Dalen avviser det «av fonetiske årsaker» (s. 83). Dette virkar nærast som ei skjønnsavgjerd – noe ein helst skulle unngå i ein konsekvent analyse. (Det Dalen ikkje presiserer, er at trykklett /e/ fins i same omgivnaden som /ø/, nemlig i /ˈsykel/ og /ˈnøker/ (s. 80). Dermed er ikkje distribusjonen mellom trykklett /e/ og trykklett /ø/ komplementær, likevel.)

Dei innvendingane eg her har lagt fram mot beskrivelsesmodellen som Dalen har brukt, kan dels vere mine egne kjepphestar. Forfattaren må få ros for at sjølve analysen er så veldokumentert og grundig drøfta at han lett kan overføres til og beskrivas innafor også andre modellar.

Skognamålet er den hittil grundigaste fonologiske analysen innafor norsk dialektologi. Sjølv om drøftingane og analysane prinsipielt gjeld bare skognamålet, kan mye overførast til analysen av andre dialektar. Avhandlinga kan derfor brukast som mønster for andre, og ho kan gi konkrete idéar til fruktbare innfallsvinklar. Det kan f. eks. bli interesant å sjå kor mange som tar opp sirkumfleksanalysen frå Dalen, og dermed kor vidt geografisk den er gyldig.

Helge Sandøy

SUMMARY

Skognamålet ('The dialect of Skogn'), by Arnold Dalen of the University of Trondheim, is a synchronic phonological analysis of the dialect spoken in the municipality of Levanger, Nord-Trøndelag. The book provides a detailed study of a set of allophones and on the basis of an analysis of their distribution establishes the dialect's phoneme inventory. The articulatory realization of these phonemes is also discussed.

Owing to monophthongization in the course of this century, the number of monophthongal vowel phonemes has increased from 10 to 11 from the older to the younger generation, and the more recent system should be analysed in terms of four degrees of opening. The consonant system is also large, due to the dialect's palatal consonants (and also its alveolar and retroflex sounds, if they are interpreted monophonemically). Moreover, the distributional pattern of several phonemes is complex.

Dalen suggests a new analysis of the special circumflex tone: since it only occurs in stressed final syllables, it can be regarded structurally as a realization of accent 2.

The book gives a clear and consistent analysis of Skogn dialect. Much of the analysis could probably be applied to other Trøndelag dialects. At the end of the book Dalen provides a brief overview of the dialects spoken in the inner parts of Trøndelag.

Phebe Fjellström: Samernas samhälle i tradition och nutid. 640 s. P. A. Norstedt & Söners Förlag. Stockholm 1985.

Litteraturen om samerna är synnerligen omfattande. Förutom specialarbeten om olika områden av samernas kultur och levnadssätt, deras renskötsel, matvanor, hantverk, deras förkristna religion och nutida folketro och mycket annat har det då och då författats större sammanfattande arbeten om samefolket. Om vi här i första hand åsyftar sådana arbeten som författats i Sverige, kan vi från tidigare århundraden tänka på Johannes Schefferus' *Lapponia* av år 1673, på Pehr Högströms *Beskrifning öfver Sweriges Lapmarker* av år 1749 och på Gustaf von Dübens *Om Lapland och lapparne, företrädesvis de svenske* av år 1873. Från vårt eget århundrade har vi två viktiga arbeten där samer utan vetenskaplig utbildning men med ingående personlig förtrogenhet med ämnet skildrar sitt eget folk, nämligen Johan Turis *Muittalus samid birra* (Berättelse om samerna) av år 1910 och Anta Piraks av Harald Grundström upptecknade självbiografiska skildring *Jáhttee saamee viessoom* av år 1937, som redan 1933 hade kommit ut i svensk översättning av Grundström under titeln *En nomad och hans liv*. Av

Särtryck ur

Svenska Landsmål och
Svenskt Folkliv
1986